For barn som skal plasseres etter barnevernloven §§ 4-24, 4-25 eller 4-26 (atferdsplasseringer) kan forsøkskommunen be om bistand fra Bufetat. Bufetats ansvar er ikke betinget av at det er inngått bistandsavtale. I samsvar med barnevernlovens ordinære regler har Bufetat ansvaret for at institusjonsplassen som tilbys er forsvarlig tilpasset barnets behov. Bufetat vil derfor, på samme måte som for plasseringer fra kommuner utenfor forsøket, ha ansvar for å foreta nødvendig utfyllende kartlegging av barnet som grunnlag for riktig institusjonsplassering. Slik kartlegging vil ligge til grunn for at barnet plasseres i institusjon med riktig målgruppe og for øvrig tilpasses barnets behov. Bufetat skal gi forsøkskommunen mulighet til å velge mellom tilgjengelige plasser som oppfyller de faglige krav Bufetat stiller til plasseringen. Bufetat skal alltid legge frem flere alternativer for kommunen så langt dette er mulig. Det følger av barnevernloven § 4-24 siste ledd at fylkesnemnda bare skal fatte vedtak dersom institusjonen faglig og materielt er i stand til å tilby barnet tilfredsstillende hjelp ut fra formålet med plasseringen.

Merknad til § 6 Akutt plasseringer

Forsøkskommuner med bistandsavtale

Forsøkskommunen kan anmode Bufetat om bistand ved akutt plasseringer. Som ved omsorgsplasseringer jf. forskriften § 5 annet ledd, er Bufetats plikt til å bistå forsøkskommunene ved plasseringer etter barnevernloven § 4-6 første og annet ledd, betinget av at forsøkskommunen har inngått bistandsavtale med Bufetat. Det vises til merknader til § 5 for nærmere omtale av innholdet i slik avtale. Slik avtale kan inngås for akutt plasseringer i institusjon eller i beredskapshjem eller i kombinasjon. Bufetats plikt til å bistå ved akutte atferdsplasseringer etter § 4-25, er ikke betinget av at det er inngått en bistandsavtale.

Forsøkskommunen skal i samsvar med fosterhjemsforskriften § 4, før henvendelsen til Bufetat, ha vurdert muligheten for akutt plassering i barnets familie eller nære nettverk. Det er kommunen som godkjenner beredskapshjem til det enkelte barn jf. fosterhjemsforskriften § 5. Bufetat har plikt til å tilby plass i akuttinstitusjon eller beredskapshjem til barn forsøkskommunen har ansvar for. Bufetat skal gi kommunen mulighet til å velge mellom tilgjengelige akutt tiltak som oppfyller de faglige krav Bufetat stiller til plasseringen.

Forsøkskommuner uten bistandsavtale

Forsøkskommuner uten bistandsavtale som omfatter plasseringer etter § 4-6 første og annet ledd, vil selv måtte rekruttere beredskapshjem, foreta egne kjøp av private tiltaksplasser eller basere seg på kommunale tiltak. Forsøkskommunen vil også ha mulighet til å henvende seg til Bufetat for å finne et egnet statlig eller privat akutt tiltak, men Bufetat vil da ikke ha plikt til å tilby dette til en forsøkskommune uten avtale. Bufetat har heller ikke plikt til å gi kommunen mulighet til å velge mellom tilgjengelige akutt tiltak som oppfyller de faglige krav Bufetat stiller til plasseringen. Dette

innebærer at det er forsøkskommunen som har ansvaret for å velge et akuttiltak som forsvarlig ivaretar barnets behov for forsvarlig omsorg. Bufetats plikt etter forskriften § 6 til å bistå ved akutt plasseringer etter § 4-25, gjelder imidlertid uavhengig av om bistandsavtale er inngått.

Andre tjenester

Forsøkskommunen kan kjøpe tilgjengelige kompetanseutviklingstjenester av Bufetat i forbindelse med akutt plasseringer og -tiltak. Dette gjelder uavhengig av om bistandsavtale er inngått eller ikke.

Merknad til § 7 Tiltaksplan

Det er forsøkskommunen som har ansvaret for å utarbeide tiltaksplan.

Merknad til § 8 Inntak i institusjoner

I forsøket er det kommunen som velger institusjonsplass med de begrensninger som følger av forskriften § 5 tredje ledd (atferdsplasseringer) og § 6 (akutt plasseringer). Forsøkskommunen skal velge en institusjonsplass som ivaretar barnets behov for forsvarlig omsorg. Bufetat har i dag utarbeidet retningslinjer for inntak og utskrivning fra statlige institusjoner (lokalt nivå i Bufetat). Disse reglene må tilpasses forsøket.

Dersom forsøkskommunen ønsker en plass i en statlig institusjon som etter institusjonens faglige vurdering ikke kan ivareta barnets behov for forsvarlig omsorg og behandling, skal Bufetat motsette seg inntak i institusjonen. Et eksempel er der den aktuelle gruppesammensetningen på institusjonen er til hinder for at institusjonen kan gi barnet forsvarlig omsorg. Bufetat kan av tilsvarende faglige grunner motsette seg at forsøkskommunene benytter Bufetats avtaler med private institusjoner. Dersom Bufetat motsetter seg inntak, har etaten i samsvar med forskriften § 5, plikt til å tilby et forsvarlig tiltak. Plikten gjelder ikke forsøkskommuner uten bistandsavtale.

Merknad til § 9 Økonomisk ansvar for tiltak utenfor hjemmet og § 10 Kommunens økonomiske ansvar ved bruk av institusjoner.

Fosterhjem

I forsøket opphører Bufetats betalingsansvar for kommunens utgifter til fosterhjem. Det innebærer at dagens refusjonsordning for forsterkning av fosterhjem opphører slik at forsøkskommunen betaler alle utgiftene til fosterhjemmet. Forsøkskommunen skal også betale full pris ved bruk av statlige fosterhjem eller fosterhjem tilknyttet private aktører. Det vil videre bli fastsatt priser for fosterhjemstjenester som Bufetat kan tilby forsøkskommunene. Dette gjelder for eksempel utgifter til rekruttering, PRIDE-kurs, gruppeveiledningstjenester og eventuelt andre forsterkningstjenester.

Institusjon - omsorgsplasseringer

Forsøkskommunen skal dekke utgiftene ved bruk av plasser i institusjon. Forsøkskommuner med bistandsavtale om omsorgsplasseringer betaler til Bufetat, uavhengig av om institusjonsplassen er statlig eller privat. Prisen ved bruk av private institusjoner baseres på Bufetats avtaler med private leverandører. Dette gjelder også forsøkskommuner uten bistandsavtale, dersom disse likevel ønsker å benytte seg av Bufetats tilbud og Bufetat tilbyr plass i en institusjon. Forsøkskommuner uten bistandsavtale om omsorgsplasseringer, vil foreta egne kjøp av private institusjonsplasser uavhengig av Bufetat og vil inngå avtale med og betale direkte til den private aktøren.

Institusjon - atferdsplasseringer

Det vil bli fastsatt lavere egenbetaling for institusjonsplasseringer etter barnevernloven §§ 4-24, 4-25 og 4-26. Egenbetalingen vil utgjøre om lag halvparten av utgiftene til tiltaksplanen og kan differensieres etter institusjonstyper. Den lavere egenbetalingen gjelder kun ved institusjonsplasseringer som Bufetat tilbyr kommunen.

Sentre for foreldre og barn.

Forsøkskommunen skal dekke utgiftene ved kjøp av plasser i sentre for foreldre og barn. Prisen ved bruk av tilgjengelige plasser i statlige sentre for foreldre og barn vil fastsettes av Bufetat. Prisen ved bruk av tilgjengelige private sentre som Bufetat har avtale med, baserer seg på avtaleprisen. Dersom forsøkskommunen foretar egne kjøp av plasser i private sentre for foreldre og barn, vil forsøkskommunen inngå avtale med og betale direkte til den private aktøren.

Akuttplasseringer

Kommunens betalingsansvar ved akuttplasseringer følger de samme betalingsreglene som gjelder ved plasseringer i fosterhjem og institusjon. Det betyr at forsøkskommunen betaler full pris ved plasseringer i beredskapshjem og akuttinstitusjoner, etter barnevernlovens § 4-6 første og annet ledd. For akuttplasseringer etter barnevernloven § 4-25, vil det i forsøket bli fastsatt en kommunal egenbetaling etter samme prinsipp som for atferdsplasseringer etter §§ 4-24 og 4-26.

Merknad til § 12 Unntak fra forsøket

Staten dekker i dag 80 prosent av utgiftene til kommunale barneverntiltak for enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger jf. rundskriv Q-05/2015. Videre er dagens satser for kommunal egenbetaling for institusjonsplasser redusert for denne gruppen. Barneverntiltak for enslige mindreårige og asylsøkere, herunder refusjonsordningen, omfattes ikke av forsøket. Forsøkskommunen skal dermed betale det samme som kommuner utenfor forsøket for barneverntiltak til denne gruppen. Det samme gjelder plasseringer av barn som står i fare for å bli utnyttet til menneskehandel (barnevernloven §§ 4-29 jf. 4-30).

Merknad til § 13 Evaluering

Forsøkskommunen skal foreta en egevaluering av forsøket. Departementet vil i tillegg foreta en evaluering av forsøket i sin helhet. Forsøkskommunen må derfor være forberedt på å bidra med nødvendige opplysninger, data osv. Departementet vil gi nærmere anbefalinger om hvordan evalueringen av forsøket skal skje.

Merknad til § 14 Tilsyn

Fylkesmannen skal føre tilsyn med lovligheten av kommunens oppfyllelse av plikter etter barnevernloven. I forsøksperioden skal fylkesmannen føre tilsyn med at forsøkskommunene utfører de oppgaver de er pålagt etter barnevernloven og denne forskriften. Fylkesmannen skal også føre tilsyn med at Bufetat utfører de plikter de er pålagt etter barnevernloven og etter denne forskriften.

Merknad til § 15 Ikrafttredelse

Forsøket gjelder både for eksisterende tiltak og tiltak som vedtas etter at forsøket har trådt i kraft. Dagens refusjonsordning for fosterhjem bortfaller. For barn som er plassert i fosterhjem skal derfor kommunen fra og med ikrafttredelsestidspunktet betale utgiftene til fosterhjemmet fullt ut. Det skal tilstrebes at den enkelte fosterfamilies vilkår ikke endres som følge av den økonomiske ansvarsoverføringen fra Bufetat til forsøkskommunen. Også for barn som er plassert i institusjon skal kommunen betale full pris fra ikrafttredelsestidspunktet.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	07.09.2015	018/15	JEN
Formannskapet	08.09.2015	048/15	ITO
Kommunestyret	22.09.2015	033/15	JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K2-F31	Arkivsaknr
	Objekt:	13/730

Busetting av flyktninger.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Introduksjonslova m/forskrifter, LKov-2003-07-04.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kommunestyre vedtek at Bokn kommune vil ta imot 10 flyktningar for busetting 2016, samt 10 flyktningar pr år i åra 2017, 2018 og 2019.
2. Det vert sett ei gruppe beståande av ordførar, varaordførar, ein polititar, Rådmann, Kommunalsjef og Nav leiar som skal arbeide vidare med korleis arbeidet skal organiserast i Bokn kommune.
3. Bygging av bustad/bustader til flyktningar skal sjåast i samanheng med Bustadpolitisk handlingsplan.

08.09.2015 FORMANNSKAPET

Forslag frå Høyre:

Å utsette saka til neste formannskapsmøte. Det vert lagt til grunn at ny saksframstilling inneheld økonomisk konsekvensutgreiing for Bokn og vurdering av trong for administrative ressursar.

Forslag falt mot to stemmer (frå Høyre).

FS-048/15 VEDTAK:

1. Formannskapet i Bokn vedtek at Bokn kommune vil ta imot 10 flyktningar for busetting i 2016, samt 10 flyktningar pr år i åra 2017, 2018 og 2019.
2. Det vert sett ei gruppe beståande av ordførar, varaordførar, ein polititar, Rådmann, Kommunalsjef og NAV leiar som skal arbeid vidare med korleis arbeidet skal organiserast i Bokn kommune.
3. Bygging av bustad/bustader til flyktningar skal sjåast i samanheng med Bustadpolitisk handlingsplan.

Rådmannen si innstilling vart vedteke mot to stemmer (av Høyre)

Kva saka gjeld:

Alle kommunar i Noreg er anmoda om å ta imot flyktningar med bakgrunn i dagens flyktningsituasjon. Krisa i Syria gjer at nabolanda har store vanskar med å klare den dramatiske auka i befolkninga.

Bakgrunn for saka:

Bokn kommune vart i brev av 18.12.13 bedt om å busette 20 flyktningar i perioden 2014-2016. Formannskapet i Bokn hadde då allereie gjort vedtak 04.06.13 om å ikkje ta imot flyktningar i 2013, men utarbeide busettingsplan.

Ny anmoding er no komen grunna krisa i Syria som gjer at det er auka trong for busetting av flyktningar i norske kommunar. Det er bedt om at Bokn kommune tek i mot 10 flyktningar for busetting i 2016.

Saksutgreiing:

For kommunane er busetting av flyktningar ei frivillig oppgåve, og det er kommunane som vedtek kor mange flyktningar dei ynskjer å busette.

Busetting av flyktningar er ei kommunal oppgåve, sjølv om talet som skal busettast vil variere frå år til år. Busettingsarbeidet må, på same vis som andre kommunale oppgåver, gå inn i faste planlagde former, basert på fleirårige vedtak og plantal. Viktige faktorar er husvere, opplæring og oppfølging.

Ved å gjere vedtak om busetting, pliktarr kommunen seg mellom anna til å gi tilbod om introduksjonsprogram i høve til introduksjonslova.

Målet om rask busetting innebærer at flyktningene skal busettast i ein kommune innan seks måneder etter at de har fått innvilga opphaldsløyve. Dette gjeld flyktningar som i dag har opphald i eit flyktningsmottak. Ved overføringsflyktningar kjem dei direkte frå flyktningleiarar til aktuell kommune. Val av overføringsflyktningar eller flyktningar frå mottak har stor innverknad på organisering av det kommunale tenestetilbodet.

Kartlegging

Det busettingsforberedande arbeidet inneheld ein kartlegging av personen sine behov, evner og kvalifikasjonar som er relevant for permanent busetting i ein kommune. Kartlegginga vert utført av ein busettingskonsulent på asylmottaket, og skal bidra til at den enkelte flyktning skal bli selvhjulpen så raskt som mogleg.

Overføringsflyktningar gjennomgår et 20 timers kulturorienteringsprogram før de kommer til Noreg og busettingskommunen.

IMDi sine seks regionale kontor samarbeider nært med mottak og kommunar. Når asylsøkarar eller overføringsflyktningar har fått innvilga opphaldsløyve, ter IMDi eller mottak kontakt med kommunar for busetting av dei.

Tilskot for å dekke kommunale utgifter som følger av busetting av flyktningar

Kommunane mottar ulike tilskot fra staten for å dekke kommunale utgifter som følge av busetting av flyktningar.

- Det vert utbetalt [integreringstilskot](#) til kommunane for kvar busette person, for å dekke utgifter til busetting og integrering.
- Integreringstilskotet vert utbetalt over fem år.
- Einslege mindreårige flyktningar utløyser [ekstra tilskot](#).
- Det gjer og flyktningar med [alvorlege funksjonshemminger og åtferdsvansker](#).

For IMDi er målet at flyktningar skal finne seg godt til rette og bli raskt integrert i lokalsamfunna. IMDi forsøker å legge til rette for dette i busettingsarbeidet mellom anna ved ta omsyn til flyktningane sine behov og ved å bygge opp nasjonale/etniske grupper. IMDi freistar og å tilrettelegge slik at flyktningane kan realisere sine fremtidsplanar med omsyn til arbeid og utdanning.

Integreringstilskotet skal bidra til at kommunane gjennomfører eit planmessig og aktivt busettings- og integreringsarbeid, med sikte på at dei busette skal komme i jobb og greie seg sjølv. Tilskotet skal dekke kommunane sine gjennomsnittlege utgifter ved busetting og integrering i busettingsåret og de fire neste åra. Ved trong for økonomisk bistand og oppfølging utover 5 år er dette kommunen sitt ansvar.

Stortinget har fastsett følgende satsar for integreringstilskot i 2015:		
	Busettingsår	Sats
Integreringstilskot	År-1 (2015)	kr. 182 000 (vaksen)* kr. 182 000 (barn)* kr. 232 000 (einsleg vaksen) kr. 182 000 (enslig mindreårig)
	År-2	kr. 210 000
	År-3	kr. 152 000
	År-4	kr. 82 200
	År-5	kr. 70 000
	Barnehagetilskot	

Eldretilskot	kr. 157 500 (engangstilskot)
Særskilt tilskot einsleg mindreårig	kr. 191 300
Personar med kjente funksjonshemmingar	Tilskot 1: kr. 175 900 (eingongstilskot) Tilskot 2: Inntil kr.1 080 000 i inntil 5 år

Introduksjonsprogrammet

Introduksjonsprogrammet skal forberede nyankomne innvandrarak til å delta i arbeids- og samfunnsliv, og hjelpe dei til å bli økonomisk sjølvstendige.

Introduksjonsprogrammet skal minst innehalde opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og tiltak som forbereder til vidare utdanning eller arbeid. Det er kommunane som har ansvar for å gjennomføre programmet.

Om ein man har rett og plikt til introduksjonsprogram, avhenger av hva slags opphaldsløyve ein har.

Norskopplæring

Målet med tilskotsordninga til norskopplæring er å sikre at kommunane oppfyller si plikt etter introduksjonslova og tilbyr vaksne innvandrarak med rett og plikt, eller bare rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, denne opplæringa. Føremålet er å styrke nyankomne innvandrarak sine moglegheiter for deltaking i yrkes- og samfunnsliv og deira økonomiske sjølvstende. Kommunane skal organisera opplæringa i høve til dei målsettingane, krav og retningslinjer som er fastsett i introduksjonslova med forskrifter.

Tilskotsordningaa skal fremme effektivitet, gjennomstrømming og resultater i opplæringa. Kommunane har høve til å behalde eit eventuelt overskot av tilskotet om dei effektiviserara opplæringa gjennom føremålstenleg organisering og god kvalitet innanfor ramma av lov, forskrifter og retningslinjer. Det vil si at om kommunane gjennomfører opplæringa til ein lågare kostnad enn mottete tilskot, beholdast tilskotet uavkorta.

Persontilskot:

tabellen viser utelukkende satsene for 2015:	LÅG SATS (3ÅR)	HØG SATS (3 ÅR)
TILSKOTSÅR		
ÅR 1 (2015)	12 800	31 900
ÅR 2 (2014)	22 000	57 800
ÅR 3 (2013)	12 900	35 900

Grunntilskot:

Målgruppa for grunntilskotet i 2015 er kommunar som per 15. januar 2015 har mellom 1 og 150 personer i personkretsen for rett og plikt eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova, herunder personar som utløyser persontilskot år 1-3 i 2015.

I statsbudsjettet for 2015 er det fastsett ein utbetaling i to satser. Låg sats, 180 000 kr., vert utbetalt til kommunar med 1-3 personer i målgruppa registrert i NIR 15. januar 2015. Høg sats, 560 000 kr., vert utbetalt til kommunar med 4-150 personer i målgruppa registrert i NIR 15. jan. 2015.

Vurdering:

Rådmannen rår at Bokn kommune tek imot flyktningar for busetting og at det vert arbeid vidare med korleis arbeidet skal organiserast.



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Postadresse:
Postboks 8059
Dep.
0031 OSLO

Besøksadresse:
Sandbrogaten 5
7, Bergen

Internett:
www.imdi.no


E-post:
post@imdi.no

Sentralbord:
24 16 88 00

Telefaks:
24 16 88 01

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Bokn kommune
5561 Bokn

 BOKN KOMMUNE Komm.nr.: 1145					
Sak:	13/730-7	J.nr 15/2394			
Saksansv.:	ITO	Saksbeh.:	ITO	U.Off §:	-
Arkivkode:	F 31	J. dato:	21/8-15		

Ber om at brevet vert distribuert til:
Rådmann
Ordfører
Byrådsleiar

DYKKAR REF

VÅR REF

12-01715/4 - mma

DATO

19.08.2015

Oppmoding om busetting av flyktningar

Kommunane gjer ein stadig betre jobb med busetting og kvalifisering av flyktningar. Samstundes aukar busettingsbehovet. I 2015 treng over 13 000 flyktningar busettingsplass, men med kommunevedtaka som føreligg er det realistisk å busette 10 000. Stortinget har vedteke at Noreg skal ta imot 8 000 syriske overføringsflyktningar i perioden 2015-2017. Samla sett er det behov for å busette i alt 50 000 flyktningar i 4-årsperioden 2016-2019.

Det vert synt til at IMDi tidlegare har oppmoda Bokn kommune om busetting av 6 flyktningar per år for 2015-2016 og at kommunen dessverre ikkje har svart på oppmodinga.

På bakgrunn av behovet og målet om å busette 13 200 flyktningar i 2016, ber vi Bokn kommune om å fatte følgjande vedtak for 2016:

- **minst 10 flyktningar i 2016.**

Denne oppmodinga om busetting av flyktningar i Bokn kommune er basert på oppdaterte prognosar og plantal for åra 2015-2019, og på samarbeidsavtalen mellom staten og KS. Oppmodinga er utarbeida i samarbeid med KS.

Det vert vidare synt til brev datert 23. april frå statsråd Solveig Horne til alle kommunar i landet, og vi kan ikkje sjå at kommunen har gitt tilbakemelding på detta. Vi ber om at detta gjerast snarast råd.

Busettingsbehov for planperioden 2017-2019

Behovet tilseier eit nasjonalt plantal på 13 200 også i 2017. Dette gir følgjande plantal for kommunen:

- **minst 10 nykomne flyktningar i 2017.**

For 2018 og 2019 er plantalet 12 000 per år. Dette gir følgjande plantal for kommunen:

- minst 10 nykomne flyktingar per år.

Vi ber kommunen fatte vedtak for åra 2017, 2018 og 2019 i tråd med plantala. Det er ynskjeleg at dette vert gjort i form av eit rammevedtak for perioden 2017-2019, og at administrasjonen får fullmakt frå kommunestyre/byråd til å disponere plassane for det enkelte år innanfor denne ramma, i samråd med IMDi. Det er usikkerheit knytt til plantala som følgje av eventuelle svingingar i talet på flyktingar som skal busettast. IMDi sender årleg eit tilsvarande oppmodingsbrev til kommunane for å stadfeste eller eventuelt justere plantala for kommande år på bakgrunn av eventuelle endringar i behovet for busetting av flyktingar.

Kommunen sitt vedtak om busetting av eit talfesta tal på flyktingar bør fattast utan atterhald. Oppmodinga inkluderer ikkje familiesameinte. IMDi oppfattar at vedtak basert på oppmodinga er bindande for begge partar. Skulle det av spesielle grunnar ikkje late seg gjere å realisere alle plassane, ber vi om at unyttta plassar vert overført til neste års busetting.

Kommunen kan fatte vedtak om å busette fleira flyktingar enn oppmodinga og plantal dersom det er mogeleg.

Svarfrist på oppmodinga er 30. november 2015. Vi ber om at vedtaket vert sendt skriftleg til IMDi Vest og på e-post til post@imdi.no med kopi til KS v/Nina Gran; nina.gran@ks.no

Økonomi og rammevilkår

Busettingsmodellen er basert på at kommunane tek sin del av ansvaret ved å seie ja til oppmodinga, som er utarbeidd i samarbeid med KS. Tilskota som vert utløyst ved busetting av flyktingar er auka. Stortinget har i revidert nasjonalbudsjett for 2015 vedteke eit ekstra tilskot og har auka tilskotsramma for utleigebustader. IMDi ber om at kommunen vurderer korleis betre finansieringsordningar kan nyttast til å byggje opp dimensjonane i kommunen sitt introduksjonsprogram og framskaffe fleire bustader til nye flyktingar.

Ekstratilskot ved busetting i 2015

Stortinget har vedteke å innføre eit ekstratilskot ved busetting av flyktingar i 2015. Målgruppa for ekstatilskotet er todelt:

- Kommunar som buset fleire flyktingar enn oppmodinga frå IMDi for 2015 og samstundes fleire enn folketalet i kommunen tilseier, vil motta eit ekstratilskot på 50 000 kroner per person vert busett utover IMDi si oppmoding.
- Kommunar som buset fleire flyktingar enn oppmodinga frå IMDi for 2015, vil motta eit ekstratilskot på 25 000 kroner per person som vert busett utover IMDi si oppmoding.

Les meir om dette ekstratilskotet i vedleggsdelen.

Kontakt med IMDi om oppmodninga

IMDi deltek gjerne på møter med leiinga i kommunen, eventuelt saman med andre statlege etatar. IMDi vil samarbeide med fylkesmannen om oppfølginga av dette brevet. I vedlegget til dette brevet er det gjort nærare reie for bakgrunnen for oppmoding og kva tilskot som vert utløyst ved busetting.

Ta kontakt med Mariam Mafi, mma@imdi.no, tlf.97688998 i IMDi Vest dersom de ynskjer meir informasjon om oppmodinga eller busetting av flyktingar generelt.

Vi ser fram til eit framleis godt samarbeid med Bokn kommune!

Med venleg helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet


Øhene Aboagye
regiondirektør


Mariam Mafi
Seniorrådgjevar

Kopi: KS, fylkesmannen

Nærare informasjon om oppmodinga

Permanent kommunal oppgåve

Busetting av flyktningar er ei permanent kommunal oppgåve på lik line med andre kommunale oppgåver. Busettingsarbeidet må i likskap med andre kommunale oppgåver inn i faste og planlagde former, basert på fleirårige vedtak og plantal.

Talet på flyktningar det er behov for å busette i den enkelte kommune dei komande åra, skal gå fram av prognosar og plantal som gjer kommunane best mogleg føreseleleghelt. IMDi sender eit årleg brev til kommunane med oppdaterte prognosar for inneverande år og neste år og rullerte plantal for dei tre påfølgande åra. Talet på flyktningar som kommunane er oppmoda om å busette dei neste fire åra (2016-2019) er basert på dagens prognosar og plantal. Oppmodingstala kan verte justert opp eller ned ved rullering neste år, dersom prognosane over talet på nye flyktningar vert endra eller dersom kommunane ikkje vedtek det talet på plassar som er venta.

Bakgrunnen for oppmodninga

Kommunane har auka busetting av flyktningar monaleg dei siste åra, men behovet for å busette flyktningar aukar enno meir. For å få busett både det årlege talet på nye flyktningar og det store talet på busettingsklare flyktningar som allereie ventar i mottaka, er det naudsynt å auke kommunane sin kapasitet til eit høgare nivå.

Våren 2013 vart kommunane bede om å busette om lag 10 000 flyktningar både i 2014, 2015 og 2016. Våren 2014 vart kommunane oppmoda om å busette 10 804 flyktningar i 2015, og per 30. juni var det registrert vedtak om å busette 9 262 flyktningar i år. IMDi sin prognose basert på dei siste signala er at kommunane vil busette 10 000 flyktningar i 2015. Dette er 800 færre enn det talet kommunane vart oppmoda om i år, og kjem i tillegg til ein manko på 2 200 plassar frå 2014. Etterslepet er difor stort.

På bakgrunn av dagens flyktningkrise vart alle kommunar i landet i brev av 23. april frå statsråd Solveig Horne bede om å gje tilbakemelding på kor mange flyktningar dei kan busette i løpet av 2015 og 2016. Førebelse signal frå kommunane per 9. juli på ekstra plassar i 2015 er anslege til å vere 2 164, og tal på ekstra plassar i 2016 er anslege til å vere 1 782, dvs. 3 964 ekstra plassar totalt i 2015 og 2016. Dette inkluderer både førebelse og endelege vedtak, med og utan atterhald. IMDi er i dialog med kommunane om forståing og rask iverksetting av vedtaka.

Målet i samarbeidsavtalen mellom staten og kommunesektoren er at ved utgangen av året skal alle vere busett i samsvar med behovet. Busettingsbehovet i 2015 har no auka til 13 200, og behovet vil også vere 13 200 i 2016, dersom kommunane busett 10 000 flyktningar i 2015.

Auka i busettingsbehovet skuldast delvis at ein høgare del asylsøkjjarar har behov for vern som gjer at dei får innvilga opphaldsløyve. Samstundes aukar talet på overføringsflyktningar som kjem til Noreg etter at Stortinget har vedteke å ta imot 8 000 syrarar over 3 år, fordelt på 2 000 i 2015 og 3 000 i kvart av åra 2016 og 2017.

Ved utgangen av juni i år var det 5 228 flyktingar i asylmottak med opphaldsløyve som venta på å flytte til ein kommune. Ein femtedel av dei har venta i meir enn eitt år sidan innvilga opphald. Lang ventetid er spesielt belastande for born. 645 av dei som ventar er born i familiar, kor av 410 har budd på asylmottak i meir enn eitt år frå dei søkte om opphaldsløyve.

For å få busett både det store talet på flyktingar som no ventar i mottaka og det auka talet på syriske flyktingar, er det behov for ein særleg innsats frå alle kommunar i landet. Dersom kommunane ikkje busett fleire flyktingar i trå med IMDi si oppmoding, vil køane og ventetida i mottak halde fram med å auke. Det er behov for å busette så mange som mogleg av dei som ventar i løpet av 2015 og 2016. Dersom det vert busett 10 000 flyktingar i 2015, vil busettingsbehovet bli 13 200 både i 2016 og 2017 og 12 000 i 2018 og 2019.

Kommunar som dei siste års har busett få flyktingar i høve til folketalet i kommunen, vert særleg oppfordra til å auke talet. Dette kan gje grunnlag for fleire deltakarar i introduksjonsprogrammet, noko som vil føre til auka tilskot til kommunane og samstundes gje meir tenleg storleik på klassar. IMDi oppfordrar desse og andre kommunar til å inngå interkommunalt samarbeid om introduksjonsordninga der dette kan vere føremålstenleg.

Einslege born og unge (mindreårige)

I 2014 busette kommunane 536 einslege born og unge (mindreårige under 18 år). Busettingsbehovet for denne gruppa aukar kraftig til 750 i 2015 og 750 i 2016, og plantala er på same nivå også i 2017, 2018 og 2019. Om lag 40% av dei einslege borna er under 15 år, medan 60% er over 15 år. Den store auka i talet har samanheng med auka i busettingsbehovet generelt. Einslege born og unge under 18 år er ei prioritert gruppe ved busetting. Det er difor avgjerande at kommunane i sine vedtak prioriterer busetting av denne gruppa, og om naudsynt omgjer vedtekne plassar til bruk for denne gruppa. Det er eit særleg behov for fleire plassar til den delen som er under 15 år.

Økonomiske verkemiddel

Kommunane tek imot fleire tilskot frå staten for å dekke utgifter ved busetting og integrering av flyktingar. IMDi forvaltar i 2015 tilskot for om lag 9 milliardar kroner. Over 99 prosent av midlane går til kommunane, medan resten går til frivillig sektor og til verksemder og organisasjonar i privat og offentleg sektor i kommunane. Ordinære overføringer til kommunane kjem i tillegg til tilskota frå IMDi.

Stortinget har vedteke eit ekstratilskot på til saman 50 millionar kroner som skal fordelast til kommunar som i løpet av 2015 busett fleire flyktingar enn dei er oppmoda om og det folketalet i kommunen tilseier. Ekstratilskotet skal fordelast på følgjande måte:

- Kommunar som busett fleire flyktingar enn oppmodinga frå IMDi for 2015 og samstundes fleire enn folketalet i kommunen tilseier, vil motta eit ekstratilskot på 50 000 kroner per person vert busett utover IMDi si oppmoding.

- Kommunar som busett fleire flyktningar enn oppmodinga frå IMDi for 2015, vil motta eit ekstratilskot på 25 000 kroner per person som vert busett utover IMDi si oppmoding.

Nærare informasjon vil gå fram av eige rundskriv på www.imdi.no. Vedlagt rundskrivet følgjer ei oversikt som syner kor mange flyktningar kvar kommune må busette i 2015 for å innfri kravet om busetting utover IMDi si oppmoding og det folketalet i kommunen tilseier.

Stortinget har også avgjort å auke tilskotet til utleigebustader med 80 millionar kroner. 50 av dei 80 millionane er ei varia uke i tilskotsramma, medan 30 av millionane gjeld 2015. Nærare informasjon om tilskotsramma for utleigebustader vil vere tilgjengeleg på www.husbanken.no

Nærare informasjon om dei ulike økonomiske virkemidla ved busetting av flyktningar, finst på IMDi sine heimesider www.imdi.no/tilskudd/

I tillegg vert det synt til www.bufetat.no for informasjon om statleg refusjon av utgifter til kommunale barnevernstiltak for einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar (Rundskriv Q-05/2015).

«Solidaritetsmodell»

Dagens busettingsmodell er basert på samarbeidsavtalen mellom staten og KS. Modellen er ein "solidaritetsmodell". Med dette vert det meint at dersom éin kommune som vert oppmoda om å busette flyktningar svarer nei eller fattar vedtak som er lågare enn IMDi si oppmoding, må talet på flyktningar verte fordelt på dei øvrige kommunane. Difor er det viktig at kommunane busett flyktningar i tråd med IMDi si oppmoding for å sikre ei jamn fordeling av ansvar for denne viktige samfunnsoppgåva. Noreg sine internasjonale forpliktingar inneber å ta imot menneske som er utsett for forfølgning i sine heimland.

Flyktningar - ein ressurs

Busetting av flyktningar er ikkje berre ei humanitær oppgåve. Flyktningar utgjer også ein ressurs. Det er eit prinsipp at flyktningar skal busettast i kommunar over heile landet. Kommunen må ha eit tilpassa tenestetilbod til dei som vert busett, herunder introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap, slik at dei kan komme i arbeid eller gå vidare til kvalifisering og utdanning.

Både privat og offentleg sektor vil ha behov for meir arbeidskraft i åra framover. Gjennom gode kvalifiseringsprogram kan kommunar i samarbeid med NAV og lokalt næringsliv skreddarsy kompetanse som arbeidslivet treng. Stadig fleire kommunar ser busetting i samanheng med sysselsetting og befolkningsutvikling. Det er potensiale for auka busetting når kvalifisering av flyktningar i større grad vert knytt til lokalt næringsliv. Dette gjeld spesielt i dei kommunar kor næringslivet elles må hente arbeidskraft utanfrå gjennom arbeidsinnvandring, og når busetting av flyktningar også kan bidra positivt til den demografiske utviklinga i kommunen.

Bustad

Å finne eigna bustad til flyktingar kan vere ei utfordring. Det er avgjerande at kommunen sitt vedtak om busetting vert følgt opp gjennom bustadplan og aktiv bruk av Husbanken sine ordningar. Husbanken regionkontor kan kontaktast. Det vert synt til nærare informasjon på Husbanken sine heimesider www.husbanken.no.

Dersom kommunen har vanskar med å framskaffe bustader, er eit aktuelt alternativ at flyktingar sjølv kan finne bustad. IMDi oppfordrar kommunane til å opne for at personar kan finne bustad sjølv innanfor dei rammene som kommunane fastset. Dette kan skje innanfor kommunen sitt vedtak om busetting. Mange kommunar nyttar denne løysinga for dei den bidrag til rask og effektiv utnytting av plassane i kommunen. Ordninga kan også bidra til at det kan bli mogleg for kommunen å busette fleire flyktingar. Ta gjerne kontakt med IMDi Vest for meir informasjon om dette.

Familieinnvandring

Ein monaleg del av dei vaksne flyktingane er einslege ved busettingstidspunktet, men ein del har familie i heimlandet som kan ventast å kome til Noreg etter kvart. At flyktingar får familien sin til landet vil vere positivt for integreringa og kan bidra til befolkningsutvikling, men kan også innebere utfordringar med bustader og annan tenestekapasitet i kommunane. Det vert difor anbefalt at kommunen har fokus på at det kan komme familieinnvandra i tillegg til dei som skal busettast. Familieinnvandra til personar i målgruppa for integreringstilskot, utløyser også tilskotet. Sjå www.imdi.no for meir informasjon om tilskotsordningane.

Råd og rettleiing frå IMDi

IMDi bistår gjerne med ulike tiltak saman med Husbanken, fylkesmanne, KS, NAV og øvrige samarbeidspartnarar for å leggje til rette for busetting. Dette inkluderer:

- Langsiktig planlegging av busettings- og kvalifiseringsarbeidet; herunder samarbeidsavtalar med IMDi og Husbanken, fleirårige vedtak og jamn busetting.
- Tilgjengelege tilskot frå staten som er meint å dekke kommunale utgifter ved busetting og integrering av flyktingar (integreringstilskot, norsktilskot, særskild tilskot for einslege mindreårige, tilskot ved busetting av personar med alvorlege, kjente funksjonshemmingar og/eller åtferdsvanskar, Husbanken sine bustadfinansieringsordningar, mv.).
- Prioritering av tilskot til utleigebustader innanfor dagens budsjett.
- Større og meir fleksibel bruk av Husbanken sitt startlån.
- Profesjonell bruk av den private leigemarknaden, kor dette vert sett som ei parallell løysing til bruk av kommunale bustader til flyktingar.
- Tilrettelegging for erfaringsutveksling mellom kommunane, som kan styrke planlegging av busetting, auke kapasitet og kompetanse, og betre overgang il arbeidsliv og utdanning for flyktingar.

Meir utfyllande informasjon om tilskotsordningar, rundskriv med meir i samband med busetting av flyktingar, finst på IMDi sine heimesider www.imdi.no

Ta gjerne kontakt med IMDi Vest dersom de ynskjer meir informasjon om oppmodinga eller busetting av flyktingar generelt.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	08.09.2015	049/15	JEN
Kommunestyret	22.09.2015	034/15	KLI

Saksansv.: Kyrre Lindanger	Arkiv: K1-037 Objekt:	Arkivsaknr 15/190
----------------------------	--------------------------	----------------------

Tveit videregående skule - vedtektsendring i stiftelsen.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	06.04.2015	Tveit Videregående skule	Vedtektsendring i stiftelsen Tveit videregående skule.
2	I	29.08.2015	Tveit Videregående skule	Purring - vedtektsendring i stiftelsen Tveit vidaregåande skule.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Bokn Kommune godkjenner nye vedtekter ved Tveit vidaregåande skule.
2. Bokn Kommune gjev sin tilslutning til måten å fordela styreplassar på.
3. Nytt styremedlem frå Bokn blir valt ved konstituering av nytt kommunestyre , med val av medlem til ulike råd og utval.

Jan Erik Nygaard
Rådmann

08.09.2015 FORMANNSKAPET

FS-049/15 VEDTAK:

1. Bokn Kommune ved Formannskapet godkjenner nye vedtekter ved Tveit vidaregåande skule.
2. Bokn Kommune ved Formannskapet gjev sin tilslutning til måten å fordela styreplassar på.
3. Nytt styremedlem frå Bokn blir valt ved konstituering av nytt kommunestyre , med val av medlem til ulike råd og utval.

Kva saka gjeld:

Stiftinga Tveit vidaregåande skule har bede om handsaming av vedtektsendring for stiftinga.

Bakgrunn for saka:

Det er avhalde møter med alle kommunane der ulike tema har vore tatt opp, herunder i kva grad kommunane ynskjer å vera aktive eigarar.

Stiftinga eig og driv Tveit vidaregåande skule. Stiftarane er kommunane: Forsand, Hjelmeland, Rennesøy, Sauda, Suldal, Vindafjord, Tysvær, Strand, Finnøy og Bokn.

Saksutgreiing:

Bakgrunnen for forslag til endring av vedtekter er å styrka det tilbodet skulen i dag gjev til ungdom i vår region. Av endringar som nå blir foreslått i vedtektene er:

Punkt 1 og 2 har berre mindre formelle justeringar.

Punkt 3. Her er det beskreve ei utviding av føremålet for drifta til « også å gjelda andre aktiviteter som støtter opp om skoledrifta, som for eksempel internatdrift m.v.

Punkt 4. Her legges det opp til eit makstal på styremedlemmer på 9 medlemmer

Punkt 5 Forslaget at stiftelseskommunane skal ha 4 – 6 plassar i hovdestyret.

Dette punktet inneber at ikkje alle kommunane som er stiftarar blir med i hovdestyret.

Forslaget til styresamansetjing er at Tysvær, Vindafjord og Bokn kommunar får 1 styremedlem kvar. For øvrige kommunar som er med som stiftarar, må det gjerast avtaler om styresamansetjinga.


Nytt val av styremedlem frå Bokn vil gjelda for komande kommunestyreperiode.

For øvrige punkter 6 – 14 i forslaget til nye vedtektsendringar er det berre mindre formelle tilpasningar.

Vurdering:

Rådmannen tilrår at forslaget til nye vedtekter for stiftinga får sin tilslutning frå Bokn kommune.

Endringa med å føya til internatdrift heng saman med stiftinga sitt ynskje om å skapa eit betre inntektsgrunnlag, jfr. eigen sak om lån. Vidare finn rådmannen det rett at Bokn som bidragsytar får eigen styreplass i stiftinga.

 BOKN KOMMUNE	
Sak: 15/190-2	J.nr 2451
Saksansv.: KLI	Saksbeh.: KLI JEN U.Off §: -
Arkivkode: 037	J. dato: 30/8-15

Tveit Vidaregåande skule – 25. august 2015

Til kommuner som står som stiftere av Tveit Vidaregåande skule

Tysvær kommune v/ordfører Harald Stakkestad	kopi: Arne Kjell Askeland
Bokn kommune v/ordfører Kyrre Lindanger	” Ronny Taraldlien
Sauda kommune v/ordfører Frode Sulen	” Per Aksel Birkeland
Suldal kommune v/ordfører Torkel Myklebust	” Dag Fisketjøn
Strand kommune v/ordfører Helge Steinsvåg	” Anne May Lekvam
Finnøy kommune v/Ordfører Gro Skartveit	” Håvard Skavland

PURRING!!!


VEDTEKTSENDRING I STIFTELSEN TVEIT VIDAREGÅANDE SKULE.

(forslag om at grunnreglar av 01.01.2007 blir erstatta av nye vedtekter av 1.11.2015)

Vi viser til brev av mars 2014 og brev av 25.mars 2015 ang. denne saken og ber om tilbakemelding og aksept for å godta vedlagte forslag til vedtektsendring ved stiftelsen Tveit Vidaregåande skule. I brev av 25.mars ba vi om tilbakemelding innen 15. mai 2015.

Ber nå om skriftlig tilbakemelding innen 25. september. Dersom vi ikke har fått tilbakemelding, anser vi det som aksept for foreliggende forslag til endring av stiftelsens vedtekter.!

Med vennlig hilsen
Tveit Vidaregåande skule



Randi I Rettedal
Rektor

Kopi: Styreleder Arne Kjell Askeland og Kommunenes representanter i styret.

Vedlegg: Grunnreglar for stiftelsen Tveit Vidaregåande skule av 01.01.2007
Forslag til nye vedtekter for stiftelsen Tveit Vidaregåande skule av 5.3.2015.

Tveit Vidaregåande skule – 25. mars 2015

Til kommuner som står som stiftere av Tveit Vidaregåande skule

Tysvær kommune v/ordfører Harald Stakkestad	kopi:	Arne Kjell Askeland
Vindafjord kommune v/ordfører Ole Johan Vierdal	”	Vidar Samland
Bokn kommune v/ordfører Kyrre Lindanger	”	Ronny Taraldlien
Sauda kommune v/ordfører Frode Sulen	”	Per Aksel Birkeland
Suldal kommune v/ordfører Torkel Myklebust	”	Dag Fisketjøn
Hjelmeland kommune v/ordfører Trine L. Danielsen	”	Lill Laugaland
Strand kommune v/ordfører Helge Steinsvåg	”	Anne May Lekvam
Forsand kommune v/ordfører Ole Tom Guse	”	Hilde Levik
Finnøy kommune v/Ordfører Gro Skartveit	”	Håvard Skavland
Rennesøy kommune v/ordfører Dagny S. Hausken	”	Jarleif Ladstein

VEDTEKTSENDRING I STIFTELSEN TVEIT VIDAREGÅANDE SKULE.

(forslag om at grunnreglar av 01.01.2007 blir erstatta av nye vedtekter av 1.11.2015)

Vi viser til brev av mars 2014 ang. denne saken og ber om tilbakemelding og aksept for å godta vedlagte forslag til vedtektsendring ved stiftelsen Tveit Vidaregåande skule. **Vi ber om tilbakemelding innen 15. mai 2015.**

Styret v/styreleder Arne Kjell Askeland og rektor Randi I Rettedal utførte i løpet av 2013 dialogmøter med alle stiftelseskommuner, med unntak av Forsand. Ordfører/rådmann og kommunens styrerepresentant i styret var invitert til å delta på møtene. Ordfører og/eller rådmann var med på alle møtene og i de fleste tilfeller også styrerepresentanten. Møtene foregikk over et tidsrom på vel ett år.

Vi viser til brev med varsel om endring av reguleringsføresegnene datert 05.06.2015. Bokn kommune har mellom anna vedteke å ta ut § 3 der det står at Miljøverndepartementet si retningsline T-1442 skal følgast ved handtering av støy. Årsaka til at ein ynskjer å ta ut føresegna går ikkje fram av saka.

Det blei utført ei støyberekning i samband med utarbeiding av reguleringsplanen. Støyberekninga viser at deler av planområdet vil ligge i gul støysone når dagens ÅDT blir framskriva 17 år frå 2010. I dette området vil det vere naudsynt med avbøtande tiltak for å sikre akseptable støytilhøve og god bukvalitet.

Det er svært uheldig dersom støytilhøva ikkje blir ivaretekne i planområdet. Statens vegvesen vil sterkt tilrå at § 3 blir tatt inn igjen i planføresegnene slik at bebuarane blir sikra lokale skjermingstiltak der støyberekninga viser at dette er naudsynt.

Med helsing

Før
Ivar Thorkildsen
Seksjonleder

Gro Osmundsen Kyvik

Kopi: Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Kvaløygata 1
5537 HAUGESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:



Fylkesmannen i Rogaland
Postboks 59 Sentrum

4001 STAVANGER

Vår ref.:
15/199-6/K2-L12//BJL

Dykkar ref.:

Dato:
05.06.2015

Reguleringsplan Fyrvegen - endring av reguleringsføresegnene

Forvaltningsstyret i Bokn kommune har i møte 03.06.2015 vedteke å endre reguleringsføresegnene for reguleringsplan Fyrvegen. Endringane gjeld § 3 (om at Miljøverndepartementet sine retningslinjer T-1442 skal fylgjast), utgår, og at §§ 7, 11 og 12 er endra med omsyn til krav om takform og utforming elles.

Dei endra føresegnene vert sendt ut på ei avgrensa høyring til Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og Statens vegvesen, og vert kunngjort på kommunen si heimeside.

Høyringsfrist vert sett til 20. juli 2015.

Med helsing

Kåre Bua
Teknisk sjef

Vedlegg:



Til:

Dok. ref.
15/199-4/K2-L12//BJL

Dato:
18.05.2015

**Notat om:
Justerte planføresegner etter forvaltningsstyret sitt vedtak i sak 014/15**

Justerte føresegner etter forvaltningsstyret sitt vedtak i sak 014/15

Dato for godkjent plan i kommunestyret: 01.10.2013 PlanId: 201302

Reguleringsplan "Fyrvegen" Planbestemmelser

§1. Disse planbestemmelsene gjelder for det området som på plankartet er vist med plangrense.

- §2. Området reguleres til følgende formål:
- I. Bebyggelse og anlegg (konsentrert småhusbebyggelse, frittliggende småhusbebyggelse, energianlegg, lek)
 - II. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (kjøreveg, fortau, gs-veg, annen veggrunn)
 - III. Grønnstruktur (friområde, turveg)
 - IV. Hensynssoner

Fellesbestemmelser:

§2 Det automatisk fredede kulturminnet, id 161452, i konflikt med tiltak i planområdet kan fjernes uten vilkår om arkeologiske undersøkelser.

§2.a Universiell utforming skal legges til grunn for utforming av boliger og uterom

§2.b Uteoppholdsareal skal plasseres og utformes slik at god kvalitet oppnås, herunder i forhold til sol- og lysforhold.

~~§3. Ved støyhåndtering skal Miljøverndepartementets retningslinjer T-1442 følges.~~

Boliger:

~~Støynivået utenfor fasade ved rom med støyfølsom bruk skal ikke overstige $L_{den}=55$ dBA.~~

~~Innendørs støynivå skal ikke overstige $L_{ekv}=30$ dBA.~~

~~Overstiges disse verdiene skal det gjennomføres støytiltak (lokalt).~~

Lek-/uteopphold:

Postadr.:
5561 Bokn

Telefon:
52 75 25 00

Telefaks:

Bankgiro:
3373.07.00305

Org. nr:
964979723

E post:
bjolov@bokn.kommune.no

~~Støy på uteoppholdsareal skal ikke overstige Lden=55 dBA. Overstiges disse verdiene skal det gjennomføres støytiltak (lokalt).~~

~~Det kreves tilgang til min. 15 kvm privat skjermet uteplass pr. boenhet.
Ved regulert lek kreves tilgang til min. 150 kvm skjermet lekeareal.~~

~~Ved søknad om tiltak kreves innlevert støyrapport. Evt. påkrevd støytiltak skal være ferdigstilt før det gis brukstillatelse til bolig eller lek-/uteopphold som tiltaket skjermer for.~~

- §4. Boliger skal plasseres innenfor byggegrense.
Innenfor bestemmelsene i PBL og bygningsforskriften tillates carport/garasje og boder oppført i nabogrense og utenfor byggegrenser mot offentlig kjøreveg/fortau. Avstand til offentlig kjøreveg/fortau skal være min 6 meter når garasje står med utkjørsel vinkelrett på vegen. Avstand til offentlig kjøreveg/fortau skal være min. 1 meter når garasje står plassert langs vegen.
- §5. Tomtene skal ha adkomst fra den side av tomten som er anvist med adkomstpil.

I. Bebyggelse og anlegg

a. Konsentrert småhusbebyggelse

- §6. Innenfor området tillates det oppført enebolig i rekke eller kjede m/tilhørende carport/garasje.

~~§7. Bebyggelse skal ha flatt tak. Tillatt maks gesimshøyde på enebolig er 6,5 m, tillatt maks gesimshøyde på frittstående carport/garasje er 3,0 m. Tillatt bebygd areal % BYA = 50%.~~

§7 Fri takform. Tillatt maks/ total høyde på bolig er 6,5 m. Tillatt maks/ totalhøyde på frittliggende carport/ garasje er 3,5 m. Tillatt bebygd areal % BYA=50%.

- §8. Det skal legges fram situasjonsplan for hele byggeområdet i forbindelse med byggesøknad. Planen skal vise plassering av bygninger, parkeringsplasser, interne veger, og renovasjon. Fellesanlegg skal være opparbeidet før det gis brukstillatelse til boliger i byggeområdet.

- §9. Det skal anlegges min 2,0 biloppstillingsplasser pr. boenhet (inkl. gjesteparkering).

- §10. Det skal etableres en felles renovasjonsplass for konsentrert småhusbebyggelse.

b. Frittliggende småhusbebyggelse

~~§11. Innenfor området tillates det oppført frittstående enebolig m/tilhørende carport/garasje. Sekundærleilighet kan tillates.~~

~~Tomt 1-3. Bebyggelse skal ha saltak. Møne skal følge bygningens/tomtens lengderetning. Tillatt maks mønehøyde på enebolig er 6,5 m, tillatt maks gesimshøyde på enebolig er 4,0 m. Tillatt maks mønehøyde på frittstående carport/garasje er 3,5 m.~~

~~Tomt 4-8. Bebyggelse skal ha flatt tak. Tillatt maks gesimshøyde på enebolig er 6,5 m. Tillatt maks gesims høyde på carport/garasje er 3,0 m.~~

~~Tillatt bebygd areal % BYA = 35%.~~

- § 11 Innenfor området tillates det oppført frittstående enebolig m/tilhørende carport/garasje. Sekundærleilighet kan tillates.

Tomt 1-8. Fri takform. Tillatt maks/ total høyde på enebolig er 6,5 m. Tillatt maks/ total høyde på carport/garasje er 3,5 m.

Tillatt bebygd areal er % BYA= 35%.

~~§12. Bebyggelsen skal gis en helhetlig utforming. Frittstående carport/garasje kan være inntil 35 kvm og skal tilpasses bolig i form/utførelse.~~

§ 12 Bebyggelsen på hver tomt skal ha en helhetlig utforming. Frittstående carport/garasje kan være 35 kvm og skal tilpasses bolig i form/utførelse

§13. Det skal anlegges 2 biloppstillingsplasser pr. boenhet (inkl. gjesteparkering). Ved etablering av sekundærleilighet kreves anlagt ytterligere 1 biloppstillingsplass.

§14. Det skal legges fram situasjonsplan for hele tomten i forbindelse med byggesøknad. Planen skal vise plassering av bygninger, parkering med snuplass på egen eiendom, samt renovasjon. Garasje vises på situasjonsplanen selv om den ikke oppføres samtidig med bolighuset.

§15. Frittliggende småhus renoverer på egen eiendom.

c. Energianlegg

§16. Innenfor området tillates oppført transformatoriosk.

d. Lek

§17. Detaljplan for lek skal godkjennes av kommunen. Lek skal opparbeides med spesifisert utstyr og pollen-/giffrie planter. Ved inngjerding og beplanting må det må ivaretas god sikt mellom adkomst til lek og kjørevei. Lek skal være opparbeidet før det gis brukstillatelse til boliger i planområdet. Området skal være inngjerdet.

II. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

a) Kjøreveg, fortau, annen vegggrunn og parkeringsplass

§18. Teknisk plan for krysset mot Fv839 skal godkjennes av Statens vegvesen. Kryss skal være opparbeidet før det gis brukstillatelse til boliger i planområdet.

Øvrige kommunaltekniske anlegg innenfor planområdet, må være opparbeidet iht. godkjent teknisk plan før det gis brukstillatelse til boliger innenfor planområdet.

§19. Fortau og gang- og sykkelveg skal anlegges med nedsenket fortauskant der myke trafikkanter skal krysse kjørevegen

§20. Tilkomst til transformatoriosk må være sikret under hele byggeperioden.

III. Grønnstruktur

a) Offentlig friområde

§21. Området skal ligge urørt, jfr. dog § 22.

b) Offentlig turveg

§22. Offentlig turveg opparbeides i 2 m bredde. Grusdekke.

IV. Hensynssoner

a) Frisiktsoner veg

§23. I frisiktzone skal det være fri sikt i en høyde av 0,5 meter over tilstøtende vegger.

b) Båndlagt etter lov om kulturminner H730_1

§24. I området finnes automatisk fredede kulturminner som er båndlagt etter kulturminneloven, id 161451. Det er ikke tillatt å sette i gang tiltak som kan skade, ødelegge eller utilbørlig skjemme kulturminnene, eller foreta noen form for fysiske inngrep i området, jfr. Kulturminneloven §§ 3 og 8. Tiltak eller aktivitet innenfor H730_1 skal legges fram for regional kulturminnemyndighet for vurdering etter kulturminneloven, jfr Kulturminneloven §§3 og 8. Beit med mindre husdyr (som f.eks. sau) er tillatt.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	22.09.2015	037/15	GRS

Saksansv.: Gro Sørensen	Arkiv: K1-033, K3- &17 Objekt:	Arkivsaknr 15/3
-------------------------	--------------------------------------	--------------------

Meldingsaker til kommunestyremøte 22.09.2015.

Dokumentliste:

Formannskapsmøte 08.09.2015, sak 051/15	<p>Kjøp av tomt gnr. 5 bnr.18</p> <p>Formannskapet vedtok samrøystes: Bokn kommune sel del av gnr. 5 bnr. 18 til eigaren av gnr. 5 bnr. 28. Tillegget, som er på om lag 280 m², gjer at det i samsvar med reguleringsplanen kan bli ei ny tomt ved å leggja den nye delen saman med areal som ein skil ut frå gnr. 5 bnr. 28.</p> <p>Prisen blir sett til kr 200 pr. m², som svarar til den kommunale prisen for tomter i feltet. I tillegg til kvadratmeterprisen skal kjøparen betala for sakshandsaming av utskiljingssaka, oppmålingsgebyr, dokumentavgift og tinglysingsgebyr.</p>
Formannskapsmøte 08.09.2015, sak 052/15	<p>GNR. 9 BNR. 131 - Lars Norekvål - kjøp av parkeringsareal.</p> <p>Formannskapet vedtok: Bokn kommune sel del av gnr. 9 bnr. 131 som tillegg til gnr. 9 bnr. 161 sek. 1 og 2. Tillegget er tenkt nytta til parkering slik at ein kan utnytta gnr. 9 bnr. 131 betre. Arealet er i kommuneplanen avsett til bustadføremål. Parkering til bustader er såleis i samsvar med føremålet.</p> <p>Prisen blir sett til kr 200 pr. m², som svarer til den kommunale prisen på tomtene i området. I tillegg til kvadratmeterprisen skal kjøpar betala for sakshandsaming av utskiljingssaka, oppmålingsgebyr, dokumentavgift og tinglysingsgebyr.</p> <p>Lars Norekvål var ikkje del av handsaminga grunna inhabilitet i saka. Vedtaket vart vedteke mot to stemmer (1 Krf og 1 S) (6 av 7 voterande).</p>
Formannskapsmøte 08.09.2015, sak 053/15	<p>TV-AKSJONEN 2015 - kommunalt bidrag.</p> <p>Formannskapet vedtok samrøystes:</p> <p>1. Formannskapet løyver kr. 25,- pr. innbyggjar til</p>

	TV-aksjonen 2015. 2. Midlane blir tatt frå 1490 120 1000 - "Reserverte bevilgningar".
Formannskapsmøte 08.09.2015, sak 051/15	Uttale frå Bogn formannskap - Eigedomsskattelova – Høyring om endringar i lovverket, sjå vedlegg
Kontrollutvalsmøte 10.09.2015	Protokoll frå møte 10.09.2015, jfr. vedlegg.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meldingssakene blir tatt til orientering.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	08.09.2015	050/15	JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K1-232 Objekt:	Arkivsaknr 11/461
-----------------------------	--------------------------	----------------------

Eigedomsskattelova- Høyring endringar i lovverk.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
----	---	----------	-------------------	--------

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommunestyre viser til rådmannen si saksframstilling og vedtar høyringssuttale om endringar i eigedomsskattelova med følgjande konklusjonar:

1. Bokn kommune er sterkt negativ til begge føreslåtte alternativ til endringar i eigedomsskattelova.
2. Kommunen vil ved gjennomføring av føreslåtte endringar i eigedomsskattelova mista 9 mill. kroner av eigedomsskatteinntektene – over 90 %, og finn det oppsiktsvekkande at det ikkje er klargjort korleis dette inntektsbortfallet skal dekkast.
3. Kommunen minner om at eigedomsskatt på verk og bruk er ein sentral del av «samfunnskontrakten» for slike anlegg, og også eit svært viktig incitament for å få godkjent etablering av slike anlegg i framtida.
4. Endringar i eigedomsskattelova som medfører så store konsekvensar for kommunesektoren må vera drøfta i eit bredt samansett utval som også har som oppgåve å belyse alle viktige samfunnsmessige konsekvensar ei evt. slik lovendring vil få.

Jan Erik Nygaard
Rådmann

08.09.2015 FORMANNSKAPET

FS-050/15 VEDTAK:

Bokn Formannskap viser til rådmannen si saksframstilling og vedtar høyringssuttale om endringar i eigedomsskattelova med følgjande konklusjonar:

1. Bokn kommune er sterkt negativ til begge føreslåtte alternativ til endringar i eigedomsskattelova.
2. Kommunen vil ved gjennomføring av føreslåtte endringar i eigedomsskattelova mista 9 mill. kroner av eigedomsskatteinntektene – over 90 %, og finn det oppsiktsvekkande at det ikkje er klargjort korleis dette inntektsbortfallet skal dekkast.
3. Kommunen minner om at eigedomsskatt på verk og bruk er ein sentral del av «samfunnskontrakten» for slike anlegg, og også eit svært viktig incitament for å få godkjent etablering av slike anlegg i framtida.
4. Endringar i eigedomsskattelova som medfører så store konsekvensar for kommunesektoren må vera drøfta i eit bredt samansett utval som også har som oppgåve å belyse alle viktige samfunnsmessige konsekvensar ei evt. slik lovendring vil få.

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Finansdepartementet har 18. juni 2015 sendt ut på høyring eit nytt lovforslag om «Eiendomsbeskatning mv. i verk og bruk».

Framlegget byggjer på det regjeringa utgått frå Høgre og Fremskrittspartiet sa om eigedomsskatt i Sundvolden-erklæringa: «Frita fastmonterte, ikke-integrerte maskiner fra eiendomsskatt i industrianlegg (gjelder ikke kraftanlegg)».

Høyringsfristen er sett til 18. september 2015.

2. Forslag til endring av eigedomsskattereglane

Etter gjeldande regler skal arbeidsmaskinar m.v. takast med i eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk når dei blir vurdert å vera "ein part av sjølve føretaket".

I høyringsnotatet frå Regjeringa blir det lagt fram to alternative forslag til endring av eigedomsskattereglane for produksjonsutstyr og -installasjonar:

«Alternativ 1 innebærer at produksjonsutstyr og –installasjoner skal fritas for eiendomsskatt.

Alternativ 2 fjerner verk og bruk som egen kategori og det vil derfor ikke lenger være mulig å kun ha eiendomsskatt på verk og bruk. Verk og bruk vil dermed eiendomsbeskattes som alminnelig næringsseiendom. Dette innebærer at produksjonsutstyr og –installasjoner fritas for eiendomsskatt, og det gir økt likebehandling mellom ulike typer næringsseiendom. Eiendomsbeskatning etter reglene for alminnelig næringsseiendom medfører også at gjenanskaffelsesprinsippet ikke lenger gjelder som hovedregel for verdsettelse. Ingen av alternativene medfører endringer i verdsettelsen av vannkraftanlegg.

Målet er å gjøre utskrivningen av eiendomsskatt mer forutsigbar og at eiendomsbeskatningen av verk og bruk blir mer lik eiendomsbeskatningen av andre næringsseiendommer».

Det blir i begge alternativ foreslått å fjerna «produksjonsutstyr og –installasjoner» frå eigedoms-skattegrunnlaget for verk og bruk. I alternativ 2 foreslås i tillegg at «verk og bruk» blir fjerna som eigen kategori. Begge alternativa inneber i realiteten ei svært omfattande avvikling av eigedomsskatt på «verk og bruk», der vi berre står igjen med eigedomsskatt på bygning og tomt.

For Bokn, som berre har eigedomsskatt på verk og bruk, ser vi ikkje den store skilnaden i høve til konsekvensar for kommunen ved dei to alternativa. Vi tar i dette høyringssvaret som utgangspunkt at begge alternativa vil ha relativt like konsekvensar for kommunen, og rådmannen skil ikkje mellom dei i dei vidare vurderingane i saksframlegget.

Endringa inneber at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i skattegrunnlaget lenger. Ein går frå ein regel om at produksjonsutstyr som er ein integrert del

av produksjonsanlegget skal vera skattepliktig, til ein regel om at produksjonsutstyr ikkje skal skattleggjast. I tillegg blir omgrepet produksjonsinstallasjonar introdusert.

Omgrepet «*produksjonsutstyr*» er i høyringsnotatet gitt ein vid definisjon. Det er meint å omfatta alle eigedelar som har ein funksjon i produksjonsprosessen, for eksempel maskinar som blir nytta til maskinell bearbeiding av råvarer, og det skal i følgje notatet omfatta alt produksjonsutstyr utan omsyn til graden av fysisk integrasjon i bygg eller grunn. Departementet legg til grunn at vesentlege deler av store industrianlegg vil omfattast av omgrepet, slik at berre tomt og bygningar blir igjen i eigedomsskattegrunnlaget.

Det nye omgrepet «*produksjonsinstallasjoner*» vil omfatte meir enn det som i dag er å sjå på som arbeidsmaskinar, og meir enn notatets definisjon av produksjonsutstyr. Departementet trekk eit skilje mellom installasjonar som tener produksjonen og installasjonar som tener bygningen. Ein kvar bygningsmessig installasjon som kan seiast å tene produksjonen vil vere fritatt, mens installasjonar som tener bygningen vil vere skattepliktig. Heisanlegg og ventilasjonsanlegg er nemnt som døme på installasjonar som tener bygningen.

Slik omgrepet er definert av departementet, vil det føre til at m.a. petrokjemiske anlegg, teleanlegg, overføringslinjer for kraft og liknande infrastruktur- og hjelpeanlegg i det alt vesentlege blir fritatt for eigedomsskatt. Dette er anlegg som ikkje består av bygningar, men berre av installasjonar som skal fremma produksjonen.

I høyringsnotatet skriv departementet at forslaget vil gi ei klarere og mindre skjønsmessig avgrensing enn dagens regel, då den vanskelige vurderinga av om produksjonsutstyret er tilstrekkelig integrert i anlegget vil falle bort. Dette vil i følgje departementet medføre lågare administrasjonskostnader for kommunen og færre tvistesaker. Departementet skriv også at forslaget vil medføre større likskap i eigedomsskattlegginga av verk og bruk og andre nærings eigedommar.

3. Estimert inntektsbortfall for Bokn kommune

I høyringsnotatet er Tysvær kommune nemnt særskilt, som ein kommune som vil tapa svært mykje på dei endringane som er skissert. Reduserte inntekter i Tysvær får direkte fylgjer for Bokn. På side 31 og 32 i høyringsnotatet er dette omtalt slik:

«De største utslagene i absolutte beløp vil man finne i kommuner med store industrianlegg, for eksempel Aukra, Lindås, Hammerfest, Tysvær og Øygarden. I hver av disse kommunene vil inntektsbortfallet trolig kunne bli i 100-millionersklassen».

På dette punktet i høyringsnotatet har finansdepartementet vist at dei har forstått konsekvensane av sitt forslag til endringar i eigedomsskatteleva.

Bokn kommune har i 2015 budsjettet med ein samla eigedomsskatt på 10 mill. kroner frå verk og bruk. Av dette får Bokn 6,2 mill. kroner overført frå Tysvær kommune som følgje av ein avtale om at eigedomsskatt som har bakgrunn i olje- og gassverksemd i Tysvær og Bokn, skal fordelast mellom kommunane etter folketal. Bokn får slik ca. 7 % av samla eigedomsskatteinntekter som kjem frå ilandføringsanlegg (ekskl. Statpipe-anlegget). Med verknad frå 01.01.2016 vil det bli generell omtaksering. Vi reknar då med at eigedomsskattegrunnlaget vil auka noko.

Bokn sitt anslåtte samla tap ved dei endringane som vil følgje av Regjeringa sitt høyringsutkast til endringar i eigedomsskattereglane frå og med inntektsåret 2017, er ut frå berekningar gjort i Tysvær kommune grovt vurdert å utgjere ca. 700.000,- kroner.

Ilandføringsanlegget frå gass til Kårstø er det største eigedomsskatteobjektet for Tysvær og Bokn. Her er det liten tvil om at det er integrerte maskinar og utstyr, herunder alle røyrleidningar til og frå anlegget, som er størstedelen av verdien. Bygningar i seg sjølv er av mindre betydning. Desse anlegga er det få av i landet, og endringa ramar soleis få kommunar, men storleiken på inntektstapet for alle desse kommunane er enorme.

Men dei føreslåtte endringar vil ramma langt utover kommunane med ilandføringsanlegg. Nettanlegg kraft og teleanlegg vil gjelda for heile landet, og mange industrikommunar vil sjå svært store konsekvensar av føreslåtte endringar.

4. Samla vurdering av høyringsframlegget

Dramatiske konsekvensar for kommunale tenester

Bokn kommune fekk fyrst eigedomsskatt frå Kårstøanlegget i samband med ilandføringa Sleipnerkondensatet i 1995, og kommunen innførte eigedomsskatt på verk og bruk då Europipe II gassrørledningen blei lagt. På det tidspunktet var Bokn ein av dei fattigaste kommunane i Rogaland. Eigedomsskatten blei gradvis auka til 7 promille, og gjorde det muleg å byggja ut kommunens infrastruktur og kommunale tenester til å nå ein etter kvart god standard.

Høyringsalternativa inneber at Bokn sine driftsinntekter blir redusert med over 9 mill. kroner. Det utgjer ca. 10 % av samla inntektsgrunnlag, og er inntekter som blir nytta til å finansiere ordinære kommunale tenester som skular, barnehagar, omsorg, m.v.

Bokn kommune vil sjølv sagt ikkje kunne ta ned driftsutgiftene med så store beløp frå 2017. Det vil heller ikkje vera akseptabelt for kommunen å måtte ta ned drifta så mykje, sjølv med ein lang overgangsperiode, då det ville gje dramatiske konsekvensar for kommunale tenester.

Eventuelle overgangsordningar

Eit inntektstap i den storleiken som her er estimert for Bokn kommune kan ikkje dekkast med kostnadskutt i tenestoområda i kommunen.

I finansdepartementet sitt høyringsnotat er det klarlagt at iverksetjing skal skje frå 2017, men det blir ikkje sagt noko om eventuelle overgangsordningar for kommunar som blir ramma av dramatisk inntektsbortfall, og heller ikkje om korleis inntektsbortfallet kan kompenseras i det sentrale inntektssystemet eller på annan måte.

Ved større endringar i inntektssystemet, til dømes, blir det som regel lagt til grunn at innføring skjer over tid, og ofte som eit nullsumspel. Det store spørsmålet er korleis departementet tenkjer seg at eit inntektstap i kommunesektoren på 1,5 til 2 milliardar kroner skal finansierast. Dette er det oppsiktsvekkande nok ikkje sagt noko om i høyringsnotatet.

Eigedomsskatt på bustad og anna næringsliv

Departementet peikar i høyringa på at: «*Begge de skisserte alternativene vil innebære betydelige skattelettelser for næringslivet i kommuner som har innført eiendomsskatt*». Dette er, slik rådmannen ser det, er det ein heilt feil konklusjon. I Norge i dag er det 88 kommunar som berre har innført eigedomsskatt på verk og bruk, og Bokn er ein av desse. Det betyr at anna næringsliv og innbyggjarane i desse kommunane er fritatt for eigedomsskatt.

Kommunestyret i Bokn har tidlegare ikkje vurdert å innføra eigedomsskatt på anna verksemd, men med dei endringane som er skissert i høringsnotatet, må kommunen sjå etter inntekter som kan kompensera for det store inntektstapet. Kommunen vil utvilsamt måtte innføre eigedomsskatt både på øvrig næring og bustader/fritidshus. For næringslivet samla, og innbyggjarane i Bokn, vil dette gi eit klart auka skattetrykk. Samstundes vil det berre i mindre grad dekke opp kommunen sitt store økonomiske tap, slik at det også vil måtte sjåast auka gebyrinntekter, i tillegg til store tenestekutt.

Avgrensing integrert utstyr - Tvistar

Etter gjeldande reglar skal produksjonsutstyr takast med i eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk så langt utstyret er «ein part av sjølve føretaket». Departementet peikar i sitt høyringsnotat på at det er omfattande rettstvistar på dette området, med bakgrunn i at det er uklart kva som er integrert i ein eigedom, og kva som er laust utstyr. Departementet meiner at forslaget vil gi klarare og mindre skjønnsmessig avgrensing enn dagen regelverk.

Eigedomsskatt som incitament for næringsutvikling

Då det blei vedtatt at gass skulle førast i land på Kårstø og seinare at gassrørledningen til Tyskland skulle leggest over Bokn, var eigedomsskatt eit vesentleg incitament for politisk tilslutning. Eigedomsskatt ville gi vertskommunane mulegheit til å byggja naudsynt infrastruktur, som også var til gunst for den verksemda som skulle etablerast. Det var eit samla kommunestyret som i si tid gjekk inn for å sei ja til gassrørledning gjennom kommunen då ein meinte eigedomsskatteinntekter oppveigde dei ulemper gassrørledningen førte med seg.

Det var dermed ein del av samfunnskontrakten då anlegget blei vedtatt at kommunen ville få eigedomsskatteinntekter, og ein føresetnad for at kommunen sa ja til etablering av ilandføringsanlegg. Dette ser nå departementet vekk frå i sitt høyringssutkast.

Også etablering av vindkraft og andre industrianlegg vil med dagens lovverk gi kommunane eigedomsskatteinntekter. Nyetableringar av slike anlegg har mange positive ringverknadar for anna næringsliv, og skapar vekst ikkje berre i kommunen som får etableringa, men også i omkringliggande kommunar. Dei endringane som er skissert i høyringsnotatet, vil svekka kommunane sine incitament til å vera positiv til nye etableringar. Minussidene vil ofte langt overskride dei positive, når kommunen i praksis ikkje lenger får auka inntekter. Departementet sitt forslag hindrar dermed positivitet for å få til nye etableringar.

5. Rådmannens merknader og tilråding

Rådmannen ser det som uheldig at Finansdepartementet sender ut på høyring ei sak med svært store økonomiske konsekvensar rett før sommarferien når alle politiske møter er ferdige, og med ein svarfrist på berre 2 månadar. Det gjer at kommunen har fått svært lita tid til saksførebuing og politisk handsaming av saka. Dette verkar svært lettvtint, og lite tillitvekkjande.

Rådmannen finn det også svært underleg at departementet sender eit slikt framlegg ut på høyring, utan at det er gjort undersøkingar av kva inntektstap kommunane samla kan få ved endringa, og utan at det er klargjort korleis inntektsbortfallet blir føresett dekkja.

Høyringsnotatet tar heller ikkje opp prinsipielle sider ved eigedomsskatten, som betydning for lokaldemokratiet og det lokale sjølvstyret. I det heile verkar det som om departementet ikkje har gjort eit tilfredsstillande grunnlagsarbeid, før beslutning om å senda ut på høyring blei gjort.

Kommunen vil i sin høyringsuttale minne om at eigedomsskatt på verk og bruk er ein sentral del av «samfunnskontrakten» for slike anlegg, og også eit svært viktig incitament for å få godkjent etablering av slike anlegg i framtida. Det er ikkje ein farbar veg å gå, å senda store endringar i eigedomsskattelova ut på høyring, utan at dette er forankra i ei brei fagleg utgreiing, som ikkje minst også tar med seg alle viktige samfunnsmessige konsekvensar ei evt. slik lovendring vil ha.

Også regjeringa Stoltenberg la fram eit forslag om å frita ikkje-integrerte maskinar for eigedomsskatt. Kommunesektoren mobiliserte mot dette forslaget som det vart klargjort ville ha store økonomiske konsekvensar. Regjeringa beslutta derfor å leggja bort forslaget med slik grunngeving: *«Det har ikke vært mulig å finne noen lovteknisk løsning som gir enklere regler som likestiller ulike typer næringsseiendom uten å påvirke de berørte kommunenes økonomi på en uønsket måte. På denne bakgrunn har Regjeringen besluttet ikke å gå videre med saken»*

Slik rådmannen oppfattar det, forsterkar nå Finansdepartementet det tidlegare forslaget i sitt framlegg til endringar, og dei økonomiske konsekvensane vil bli større, ved at det i praksis berre vil vera bygningar og tomt som vil vera skatteobjekt.

I den grad eigedomsskattelova er uklar i høve til avgrensing mellom det som er integrert utstyr og det som ikkje er integrert, bør departementet setta ned eit breitt samansett utval som også har som oppgåve å belyse alle viktige samfunnsmessige konsekvensar ei evt. slik lovendring vil få.

Bokn kommune
Postmottak (via e-post)

5561 BOKN

Dykkar ref.	Dykkar dato	Vår ref.	Dato
		15/306/033/tha	15.09.15

PROTOKOLL - KONTROLLUTVALET 10. SEPTEMBER 2015

Vedlagt følger protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 10.09.15.

Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar og vil bli lagt fram for utvalet til endeleg godkjenning i neste møte i november.

Eg ber om at protokollen vert sendt ut blant saksdokumenta til neste kommunestyremøte, slik at medlemmer, varamedlem, administrasjon og presse vert orientert.

I følge vedtatt møteplan er neste kommunestyremøte 22.09.15.

Dersom det er spørsmål, ta gjerne kontakt med utvalssekretær på tlf. 95 98 69 79 eller e-post: tha@kontrollutvalgene.no .

Med helsing

Toril Hallsjø (sign)
Dagleg leiar

Vedlegg: Protokoll – kontrollutvalet 10.09.15

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag 10. september 2015 blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av leiar Daghild G. Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, allrommet, 2. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 18.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Daghild G. Alvestad (Sp) og Christine Berge Christiansen (A)
MØTANDE VARAMEDLEM:	3. varamedlem Rune Vatnaland (Sp)
FORFALL:	Olav L. Rossebø (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Else Holst-Larsen, Deloitte, Hgsd (ikkje i sak 18/15) Revisor Gunnar Husabø, Deloitte as, Bergen pr. telefon i sak 16/15
ANDRE SOM MØTTE/DELTOK:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Møtet var utsett frå 03.09.15 til 10.09.15
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sak 16/15 om prosjektplan blei handsama som fyrste sak, deretter blei sakslista følgd

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 12/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 28.05.15

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 28.05.15 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.15:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.15:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 28.05.15 blir godkjent slik den ligg føre.

SAK 13/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.09.15

23. Statusoversikt pr. september 2015
24. KST-vedtak 16.06.15, sak 27/15 – Rapport selskapskontroll – Haugaland Kraft AS
25. NKRF overtar sekretariatet for Form for kontroll og tilsyn (FKT)
26. Bernt svarer: Kan offentlighetsloven brukes for å lukke møter?
27. Datatilsynet – gebyr for avvik hos kommuner
28. KS Bedrift – Offentlige innkjøp blir litt enklere fra 1. juli
29. Kommunal- og mod.dept. – prinsipputtalelse – KUs rett til å være til stede og referere

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.15:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Utvalsleiar minna på at utvalet hadde sett frist for administrasjonen til 01.09.15 for tilbakemelding på revisor sine merknader til årsrekneskapen. Sekretær vil etterlyse saka og sak vert lagd fram i november. Utvalet hadde ingen merknader til dei andre referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.15:

Kontrollutvalet tar referatsakene 23-29 til orientering.

SAK 14/15 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2015

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2015 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.15:

Revisor gjorde greie for innhaldet i erklæringa. Elles ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.15:

Bokn kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2015 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

SAK 15/15 KONTROLL OG TILSYN – BUDSJETT FOR 2016 - UTVALET SI INNSTILLING

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Bokn kommune for 2016 vert på i alt **kr 331.000 eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet	kr	47 000
Kjøp av sekretærtjenester	kr	104 000
Kjøp av revisjonstjenester	kr	180 000

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.15:

Utvallssekretær gjorde greie for sitt oppsett. Utvalsleiar gjorde framlegg om å auke budsjett til kontrollutvalet, då godtgjersla til leiar og medlem er svært låg samanlikna med andre utval og kommunar. Nok midlar til opplæring blei også framheva som viktig, spesielt fyrste året.

Sjølv om det er kommunestyret som vedtek godtgjerslesatsane, meinte utvalet det måtte vere greitt å leggje inn ei auke på kr 5000, slik at samla budsjett blir kr 336.000. Utvalet slutta seg til utvalsleiar sitt framlegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.15 og innstilling til kommunestyret:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Bokn kommune for 2016 vert på i alt kr 336.000 eks mva fordelt på følgjande:

<i>Kontrollutvalet</i>	<i>kr</i>	<i>52 000</i>
<i>Kjøp av sekretærtenester</i>	<i>kr</i>	<i>104 000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester</i>	<i>kr</i>	<i>180 000</i>

SAK 16/15 PROSJEKTPLAN – FORVALTNINGSREVISJON- «POST/ARKIV – HANDTERING I BOKN KOMMUNE

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Post/arkivhandtering i Bokn kommune” i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre (evt. med desse endringane). Ramma vert sett til 70 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.15:

Gunnar Husabø, Deloitte, Bergen blei kopla opp via nett og han gjorde greie for formålet med prosjektet og deira framlegg til problemstillingar. Utvalet kome med innspel, og der blei vist til eit brev frå Vatnaland dagsett 08.09.15 om offentleggjering av møter og oppdatering av postlister.

Utvalet var samd i at revisor hadde fått fram essensen i prosjektplanen og dei støtta problemstillingane slik dei låg føre.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.15:

Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Post/arkivhandtering i Bokn kommune” i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre og med innspel som kom fram i møtet. Ramma vert sett til 70 timar.

SAK 17/15 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I INNE-VERANDE PERIODE 2011-2015

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval ber sekretariatet om å samanfatte dei innspela som har kome fram i forkant av møtet og i møtet, og å legge referatet fram for det nye kontrollutvalet i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.15:

Sekretær hadde ikkje i forkant motteke tilbakemelding på utsendt skjema. Skjemaet blei gjennomgått i møtet og sekretær noterte seg innspel. Dei årlege konferansane blei framheva som svært lærerike. Utvalet kom med skryt til sekretariatet og revisjonsselskapet for deira arbeid. Utvalet framheva at innspel frå rådmannen er viktig og at ordførarar har møtt har også vore bra.

Møte nr. 3/15

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.15:

Bokn kontrollutval ber sekretariatet om å samanfatte dei innspela som har kome fram i forkant av møtet og i møtet, og å legge referatet fram for det nye kontrollutvalet i neste møte.

Revisor forlèt møtet før handsaming av sak 18/15.

SAK 18/15 VAL AV REVISOR FOR PERIODEN 2016- 2020

Handsama i lukka møte, jf. kommuneloven § 31.2. Vedlegg 3 og 4 – ikkje offentleg, jf. OFL§ 23.3

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kommunestyre vel revisjonsselskapet **xxxxxx** som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

Handsaming i kontrollutvalet 10.09.15:

Revisor gjekk før handsaming av saka. Vedlegg 3 og 4 blei delt ut og gått igjennom i møtet.

Utvalssekretær gjorde greie for dei to innkomne anboda. Ut frå vektinga av anbodskriteria, er det anbud nr 2 (Deloitte AS) som skårar høgast. Utvalet støtta dei vurderingane som sekretariatet hadde gjort, slik det kom fram i anbudsevalueringane i vedlegg 3 og 4. Utvalet meinte vedlegga gav eit godt grunnlag for velje det tilbodet som var “*det økonomisk mest fordelaktige*” for kommunen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.15 og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre vel revisjonsselskapet Deloitte AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt.

Utvalsleiar blei takka for si leiing av kontrollutvalet gjennom denne perioden. Utvalet og sekretær takka kvarandre for godt samarbeid i løpet av desse 4 åra.

Neste møte

Dato er sett til tysdag **1. desember** for nytt kontrollutval.

Bokn, 10. september 2015

Daghild G. Alvestad
leiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)